

Ulukker med cruiseskip

Seniorrådgjevar Renate Frøyen



Fylkesmannen i Møre og Romsdal



31.10.2019



- Kort om fylkesmannen
- Beredskap i Noreg – viktige prinsipp
- Ulukke med cruiseskip – kva er risikoen og konsekvensane?
- Erfaring frå Viking Sky
 - Kva skjedde?
 - Det gjekk bra – kvifor?
 - Kva kunne vore betre?
 - Kva bør gjerast?






Fylkesmannen



- Er **staten** sin representant i fylket
- Har ansvar for å følgje opp vedtak, mål og retningsliner fra Stortinget og regjering
- 10 fylkesmenn i 17 fylke (11 fylke i 2020)
- Er ikke fylkeskommunen ;)





Samfunnstryggleksinstruks

- IV. Fylkesmannens ansvar for å **samordne**, holde oversikt over og informere om **arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap i fylket**
- V. Fylkesmannens oppgaver som **veileder og pådriver**
- VI. Fylkesmannens oppgaver som **tilsynsmyndighet**
- VII. **Fylkesberedskapsråd**
- VIII. Fylkesmannens ansvar for **egenberedskap**
- IX. Fylkesmannens regionale **samordningsansvar ved håndtering av uønskede hendelser**
- X. Særskilte bestemmelser under **væpnet konflikt, krigsfare og lignende forhold**





Beredskap i Noreg



Beredskapsarbeidet i Noreg byggjer på fire prinsipp:

Ansvarsprinsippet

- Den verksemda som har ansvaret for eit fagområde i ein normalsituasjon, har òg ansvaret for å handtere ekstraordinære hendingar på området

Likskapsprinsippet

- Den organisasjonen ein opererer med under kriser, skal vere mest mogleg lik den organisasjonen ein har til dagleg

Nærleiksprinsippet

- Kriser skal handterast på lågast mogleg organisasjonsnivå

Samvirkeprinsippet

- Myndighet, verksemd eller etat har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering



Kven har ansvaret for samfunnstryggleiken?

Sentralt i arbeidet -> dei operative ressursane

- Dei som utførar redningsoperasjonar og hjelper menneske i naud
- Naudetatar, sjukehuspersonell, Sivilforsvar, redningshelikopter, frivillige organisasjonar

Saman med Forsvaret utgjer desse spydspissen i arbeidet med samfunnstryggleiken.

I tillegg er samfunnstryggleiken òg avhengig av andre ressursar:

- Kommunane
- Fylkesmannen
- Direktorat og nasjonale faginstansar
- Departement
- Verksemder med ansvar for samfunnskritiske funksjonar
- Enkeltindividet





Cruiseskip - Risiko og konsekvensar



Meld. St. 35

(2015–2016)

Melding til Stortinget

På rett kurs

Forebyggende sjøsikkerhet og beredskap
mot akutt forurensning



Frå Stortingsmelding nr. 35 (2015-2016) «På rett kurs»:

- *Risikoen knytt til sjøtransport vil auke fram mot 2040 som følgje av forventa trafikkauking, om det ikkje gjerast tiltak.*
- *Prognosene tilseier ein ulukke omrent kvart 50. år med cruiseskip. Vestlandet har høgast forventa ulukkesfrekvens, men Oslofjorden og Svalbard har òg mykje trafikk med cruiseskip.*

Nasjonale krisescenario – laga av DSB



- Sjøfartsulukker
 - Scenario 13.1 Skipskollisjon på Vestlandskysten
 - Lågt sannsyn, men store konsekvensar

TABELL 21. Skjematisk presentasjon av resultat frå risikoanalysen.

Sannsynsvurdering						Forklaring	
SAMFUNNSVERDI		KONSEKVENSTYPE	SVÆRT LÅG	LAV	MIDDELS	HØY	SVÆRT HØG
Det undersøkte scenarioet			◎				10 prosent sannsyn.
Tilsvarande scenario på landsbasis			◎				20 prosent sannsyn.
Konsekvensvurdering							
SAMFUNNSVERDI		KONSEKVENSTYPE	SVÆRT SMÅ	SMÅ	MIDDELS	STORE	SVÆRT STORE
Liv og helse	Dødfall			◎			60 omkomne som direkte eller indirekte konsekvens.
	Alvorleg skadde og sjuke			◎			200 skadde eller sjuke som direkte eller indirekte konsekvens.
Natur og kultur	Langtidsskadar på naturmiljø				◎		1 000 km langt tilgrisa kystområde, varer i over ti år.
	Uopprettelege skadar på kulturmiljø	◎					Uvesentleg.
@konomi	Direkte økonomiske tap				◎		6-8 mrd. kr.
	Indirekte økonomiske tap			◎			5 mrd. kr.
Samfunnstabilitet	Sosiale og psykologiske reaksjonar				◎		Vanskeleg å sleppe unna, svært stort omfang av utslepp og personar involverte.
	Påkjenninger i dagleglivet	◎					Evakuering av fatal personar kan vere nødvendig. Seglingsleir kan bli stengde i korte tidsrom.
Demokratiske verdier og styringsevne	Tap av demokratiske verdiar og nasjonal styringsevne						Ikkje relevant.
	Tap av kontroll over territorium						Ikkje relevant.
SAMLA VURDERING AV KONSEKVENSTAR					◎		Totalt sett store konsekvensar.
Samla vurdering av uvisse							
KUNNSKAPS-GRUNNLAG OG SENSITIVITET			SVÆRT LAV	LAV	MODERAT	STOR	SVÆRT STOR
KUNNSKAPS-GRUNNLAG OG SENSITIVITET				◎			Moderat uvisse.

Fylkesmannen har utarbeidd tre fylkesROS-dokument

- **FylkesROS Møre og Romsdal 2017**
- FylkesROS skred 2011
- **FylkesROS sjø 2007**



FylkesROS-sjø

Brann- og ulykkesberedskap
til sjøs, Møre og Romsdal



www.mrflyke.no

Brann- og ulukkesberedskap til sjøs

- Rangert framstilling etter risikovurdering

Hending	Beskriving av hending	Risikovurdering
E	Grunnstøyting, nyttefartøy	16
D	Brann/eksplosjon på nyttefartøy	12
J	Tankfartøy og større passasjerskip i drift	12
O	Rigg i drift	12
S	Kollisjon mellom skip og innretning	12
V	Ulykker med fritidsbåt	9
W	Brann i øysamfunn og strandsone	9
Æ	Trafikkulykker, utforkøyring i sjø	9
F	Skipskollisjon, nyttefartøy	8
L	Personulykke på nyttefartøy	8
T	Akutt forureining fra offshore petroleumsverksemid	8
Y	Fjellskred/flodbølgje	8
B	Luftfartsulykke i sjø, småfly	6
C	Helikopterulykke i sjø	6
G	Kollisjon mellom skip og bru/anna viktig infrastruktur på land	6
H	Utslepp av farleg last på ferje	6
I	Ulykke med hurtiggående passasjerbåtar	6
K	Slep i drift	6
P	Personulykker, offshore petroleumsverksemid	6
U	Akutt forureining til landbasert verksemid og skipsvrak	6
X	Havari oppdrettsanlegg/oppdrettsanlegg i drift	6
A	Luftfartsulykke i sjø, større fly	4
N	Kapring og terrorhandlingar med og/eller mot skip	4
R	Terrorhandling mot installasjonar i Nordsjøen	4
Z	Brot på straumkabel og vassleidningar i sjø	4
M	Fartøy med smitte om bord	1
Q	Oljerigg med smittsam sjukdom om bord	1



HRS Sør-Norge
@HRSSorNorge

KI 0636 Russisk isbryter har meldt Mayday vest av Ålesund. Maskinstans. 33 personer om bord. Full storm i området.

Redningshelikopter har vert over skipet. Slepebåter er på vei. Skipet har nå fått noe maskinkraft tilbake.

23:43 - 21. okt. 2019

Følg



HRS Sør-Norge
@HRSSorNorge

Følg

#Bud Møre og Romsdal. Tankbåt med motorstans. HRS har erklært Mayday. Redningshelikopter og taubåt er underveis. 15 personer om bord.

06:37 - 23. okt. 2019

3 retweets 4 liker



1 3 4



HRS Sør-Norge @HRSSorNorge · 44 min

Skipet forsøker å få ankerfeste. Tilkommende fartøy forsøker å få satt sleper. Taubåten Vivax og redningshelikopter ankommer ca 16:00.

1 1 4



HRS Sør-Norge @HRSSorNorge · 23 min

Skipet har fått slep av FRØY HARVEST. Taubåt VIVAX er stby for HRS. Redningshelikopter er over skipet.

1 1 6



HRS Sør-Norge @HRSSorNorge · 6 min

VIVAX har overtatt slepet og har kontroll på situasjonen. HRS kansellerer Mayday. Redningshelikopter returnerer til base.

1 1



Erfaring frå Viking Sky







Helga 23. – 24. mars

- På veg frå Tromsø til Stavanger
- 1373 om bord
 - 915 passasjerar
 - 458 mannskap
- 474 evakuert med helikopter
 - 15-20 om gangen - i storm



MS «Hagland Captain»

- *Fekk motorstans i same område*
- *Mannskap på ni evakuert av to helikopter (frå sjø)*



Det gjekk bra. Kvifor?

Dyktighet, flaks, tilfeldigheiter? Litt av alt?

Hendinga kan delast i «to»

- Sjølve redningsaksjonen som føregjekk til sjøs
- Handtering av evakuerte på land





Samverke – vi må jobbe saman

Samverkeprinsippet - eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med krisehandtering

Ei hending der mange aktørar har roller og ansvar

- Vi må kjenne kvarandre!
- Hovudredningssentralen (HRS) har ansvar for redningsoperasjonen til sjøs
- Lokalt politi har ansvar for redningsoperasjonen på land
- Fylkesmannen arrangerte samverkemøter med kommunane, politiet og Sivilforsvaret
- DSB arrangerte samordningsmøter på nasjonalt nivå, der Fylkesmannen deltok
- Mykje samverke på lokalt nivå





Mange aktørar med beredskapsoppgåver

- Hovudredningssentralane (HRS)
 - Har det overordna ansvaret for søk- og redningsaksjonar til sjøs
- Politiet/LRS
 - LRS vert leia av politimeisteren, er underlagt HRS og har særskilt ansvar for lokal ressursmobilisering og leiing av den landbaserte delen av redningsaksjonen
- Reiarlaget
 - Set eiga beredskapsorganisasjon, bidreg med eigne rådgjevarar
- Brannmannskap
- Helse- og ambulansepersonell
- Fartøy
 - Nærliggende fartøy er pålagde å yte bistand
- Helikopter
 - Evakuere passasjerar og mannskap
- Kommunane
 - Kommunal beredskapsplikt - generelt ansvar for tryggleiken til innbyggjarar og besøkande
- Sivilforsvaret, Forsvaret, frivillige org. og private verksemder
- Fylkesmannen og andre styresmakter
- +++

Du er her: [Forsiden](#) • [Aktuelt](#) • [Taler og innlegg](#) •[!\[\]\(88a5e4f6c254719c7dd48d7c0e964cdd_img.jpg\) Del/tips](#) [!\[\]\(f5b461841adc37b2825c7a84407c5161_img.jpg\) Skriv ut](#)[Taler og innlegg av samfunnssikkerhetsminister Ingvil Smunes Tybring-Gjedde](#) •

Viking Sky – ressursene som fant hverandre

Viking Sky – ressursene som fant hverandre

Tale/innlegg | Dato: 04.04.2019

Av: [Samfunnssikkerhetsminister Ingvil Smunes Tybring-Gjedde](#) (Innlegg, Nordlys, 3. april)

Justis- og beredskapsdepartementet

TEMA

[Samfunnssikkerhet og beredskap](#)

Hendelsen med cruiseskipet «Viking Sky» viste oss at vi har en redningstjeneste i verdensklasse. Og at samvirket som utgjør redningstjenesten er stort og komplekst. Hendelsen viser også at vi må leve med en viss risiko.



Organisasjonar tek ansvar og har beredskapsplanar

Ansvarsprinsippet - den som har ansvaret for eit fagområde i ein normalsituasjon, har òg ansvaret for å handtere ekstraordinære hendingar på området

- Ansvarlege organisasjonar er kjent med sine og andre sine roller og ansvar, og har planar for krisehandtering
- Nabokommunar sette krisestab tidleg – såg at dei kunne få ei rolle
- Kjapp og formidabel mobilisering av aktørar
- Eigenmobilisering
- Tillit til andre aktørar/organisasjonar
- Mediehandtering – stadig viktigare del av krisehandteringa
 - Plan for mediehandtering
 - Fræna kommune hadde jamlege pressekonferansar, vekke frå evakueringsmottaket





Lokalkunnskap er viktig

Nærleiksprinsippet - kriser skal handterast på lågast mogleg organisasjonsnivå

Folk og organisasjonar kjenner kvarandre, og har tilknyting og kunnskap om området

- Val av evakueringslokale
- Kvar skal helikopteret lande
- Ledig hotellkapasitet
- «Etterfueling» av helikopter
- Mat, drikke, teppe, kle...
- Transportmoglegheiter



Frivillige organisasjonar var ein kritisk suksessfaktor på land

Folk stilte opp og ville hjelpe



Handtering av mange evakuerte

Alle kommunar skal ha ein evakueringsplan basert på ein heilsakleg risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 d).

Er slike planar dimensjonert for fleire tusen menneske (som ofte er passasjer- og mannskapstal på cruiseskip)?

- I dei (aller?) fleste tilfelle – nei
- Mange små kommunar langs kysten – tidvis store avstandar

Avhengig av samarbeid og nabohjelp

- Molde og Kristiansund støtta Fræna kommune med eigne kriseteam og varetaking av evakuerte
 - «Heldig» plassering?
 - Midt mellom to byar (ca. ein time til kvar by frå Hustadvika)
- Evakuerte kom i «handterlege» puljar
- «Lite» skip

Fylkesmannen rosar innsatsen til alle beredskapsaktørane



Det vart to dramatiske dagar då cruiseskipet *Viking Sky* og lasteskipet *Hagland Captain* kom i havsnaud ute på Hustadvika.

Publisert 27.03.2019



Varslet om at eit cruiseskip var i havsnaud på Hustadvika i Fræna kommune kom inn til Fylkesmannen laurdag ettermiddag den 23.03.19. Seinare på kvelden kom det òg eit varsel om eit lasteskip i havsnaud i same område.

Fræna kommune sette raskt krisestab, og tilsvarande vart gjort i Molde og Kristiansund kommunar. Fræna oppretta mottakssenter for evakuerte i Brynhallen i samarbeid med Politiet og med god hjelp frå mange frivillige organisasjonar, lag og privatpersonar. Nesten 500 evakuerte vart frakta med helikopter frå skipet til mottaket på Brynhallen. Etter kvart vart dei sendt vidare til hotelli i Molde og Kristiansund. Eit godt samarbeid mellom dei tre kommunane var difor viktig for den gode handteringa av dei evakuerte.

Det er Hovudredningssentralen (HRS) som har det overordna koordineringsansvaret for redningstenesta. For hendinga på Hustadvika hadde HRS-Sør dette ansvaret. Lokalt var det Politimeisteren som leiar av den lokal redningssentralen (LRS), som koordinerte innsatsen.

Kontaktpersonar

Rigmor Brøste

Tlf: [71 25 84 14](tel:71258414) / [926 59 401](tel:92659401)



Fylkesmannen si rolle ved slike hendingar er å støtte Politimeisteren sitt arbeid gjennom deltaking i LRS, og å støtte kommunane med deira krisehandtering, og legge til rette for godt samarbeid mellom beredskapsaktørane.

Laurdag ettermiddag sette Fylkesmannen krisestab. Krisestaben bestod av fylkesberedskapssjef, fylkesmann, medlemmar i beredskapsstaben, og kommunikasjonsrådgjevar. Utover kvelden deltok fylkesberedskapssjefen i Politimeisteren sin LRS, og vi deltok i samverkemøte på direktoratsnivå. Vidare arrangerte vi fleire telefonmøte der kommunane, Politiet, og Sivilforsvaret kunne samverke. Vi informerte Fylkesberedskapsrådet om situasjonen.

Fylkesmannen sin krisestab vart avvikla på ettermiddagen 24.03.19 ei stund etter at cruiseskipet kom til kaia i Molde.

Fylkesmannen deltok mandag 25.03.19 på ei samling Fræna kommune arrangerte for aktørane som var i aksjon ved mottakssenteret. Denne samlingen fungerte som ein debrief for dei involverte i mottakssenteret. Aktørane, som i hovudsak var frivillige, fekk informasjon om korleis hendinga vart handtert av ulike organisasjonar, og fekk høve til å snakke saman og med helsepersonell om det dei hadde opplevd. Fylkesmannen syns dette var eit veldig godt møte, og eit godt initiativ av kommunen.



... men kva om...

- Skipet hadde gått på grunn?
- Passasjerane ikkje snakka engelsk?
 - Registrering, informasjonsutveksling, kommunikasjon?
- Færre mannskap i forhold til passasjerar?
 - Meir utløp til panikk?
- Større skip med fleire passasjerar?
- Større avstand til plassar med overnattingskapasitet?
- Fleire alvorleg skadde?
- Dårlegare/mangelfulle transportmoglegheiter?
- Helikopterberedskapen var dårlegare?
- Hendinga hadde gått over lengre tid?





Kva kunne vore betre?

- Informasjon/kommunikasjon – (blir det nokon gong bra nok?)
- Kontakt med skipet – tilstand på skip og menneske?
- Ulike sambandskanalar/-system som ikkje «snakkar» saman
 - Tilstanden til dei som kom i helikopteret
- Manuell registrering av evakuerte – krevjande





Kva bør gjerast?

Den beste beredskapen er å hindre at uønskte hendingar skjer – førebyggjande tiltak!

- Oppfølging og vidareutvikling i arbeidet med farleier, kartverk, navigasjonssystem, opplæring, kommunikasjon og informasjon
- Effektiv trafikkovervaking, kontroll med risikolast, streng handheving og oppfølging av regelverk

Må ha ein beredskap som er dimensjonert og tilpassa den aktuelle risikoen

- Nasjonalt ansvar – kva risiko er vi villige til å akseptere, og kva beredskap er «god nok»?

System for å dele informasjon

Felles planar

Felles moglegheiter for å kommunisere – naudnett, VHF

Øving, øving, øving – helst saman med andre aktørar - samøving



Det gjekk bra, denne gongen...



From the Ambassador
Richard Wood

British Embassy Oslo
Thomas Heffyes gate 8
0264 Oslo
Norway
+47 23 13 27 06
www.gov.uk/world/norway

Rigmor Brøste
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Julsundvegen 9
Postbox 2520,
6406 Molde

fmmrpostmottak@fylkesmannen.no

2 April 2019

Kjære fylkesmann

I am writing to thank you, and the people of Molde, for all the help that was provided to the British passengers of the Viking Sky cruise ship.

The support provided by the emergency services was vital in ensuring the safety and comfort of the passengers, and was especially appreciated by those who required medical care.

Our passengers were particularly grateful for the warmth and generosity shown to them on arrival into port, the free provisions that were handed out were very well received. The kind hospitality provided by the hotels in both Molde and Kristiansund was also highly appreciated.

The decision to allow shops to open on Sunday so that passengers could buy essential items was also very helpful.

Veldig takknemlig for din personlige innsats!
med vennlig hilsen
Richard Wood

Ambassador



Takk for meg 😊

